

# PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 4 - 2017

## Løypemelding om dialogmeldingar

Av: Gunn Anita Skjulhaug, rådgivar FOU, e-helse seksjonen

Dialogmeldingar mellom fastlege og behandlar i sjukehus har vore i bruk sidan 7. mars 2017.

I Helse Bergen dreier det seg om 104 ulike legekantor frå start og fram til i dag, med 598 innkomande og 448 utgåande dialogmeldingar. For Haraldsplass Diakonale Sykehus er tala i same periode, 81 innkomande og 52 utgåande dialogmeldingar.

**Våre erfaringar er at meldingane er godt brukt, men vi ser også eit behov for litt rettleiing:**

### Meldingar utan innhald

Når du som fastlege svarar på dialogmeldingar i Infodoc plenario, må du bruke feltet som heiter «innhald». Ikkje bruk feltet «merknad». Dette feltet blir ikkje importert i journalen på sjukehuset, og meldingane hos spesialist blir dermed ståande utan innhald.

### Meldingar som ikkje blir støtta av Helse Vest:

- Meldingstypen DIALOG\_NOTAT kan ikkje sendast som dialogmelding.
- Det er heller ikkje mogleg å sende vedlegg saman med dialogmeldinga.

Avsendar får i slike tilfelle ei negativ applikasjonskvittering i retur med informasjon om at meldingstypen er avvist.

Dersom spesialist i sjukehuset svarer med brev i staden for med dialogmeldingar, ta kontakt med Kundesenteret Helse Vest IKT, så vil dei rettleie spesialisten.

Kontaktinfo til Kundesenteret Helse Vest IKT:

Telefon 55 97 65 40

Ev. send e-post: [kundesenteret@helse-vest-ikt.no](mailto:kundesenteret@helse-vest-ikt.no)

(obs! responstid 8 timar på e-post).

## Oftare epikriser om psykisk helse

Fleire fastlegar har erfart at det går veldig lang tid før dei mottar epikriser med oppdatert informasjon på pasientar som går til behandling av psykisk helse i spesialisthelsetenesta. Vi har tatt dette opp med Hans Olav Instefjord, divisjonsdirektør for Divisjon psykisk helsevern, og saka har no løyst seg på ein god måte: Fastlegar kan i framtida rekne med å få epikriser kvar tredje månad på pasientar som er i langvarig behandling innan Psykisk helsevern.




### Retningsline for bruk av dialogmelding:

- Ikkje bruk dialogmelding i ØH-samanheng.
- Skriv korte og klart formulerte dialogmeldingar.
- Sendte og mottatte dialogmeldingar må følgjast opp, og forventa svartid er innan 3-5 arbeidsdagar.

Tilleggsinformasjon kan sendast som dialogmelding ved tilvising. Dersom opplysningane kan endre prioritet eller føre til nye tiltak, må dette komme heilt klart fram av teksten. Det er ikkje mogleg å sende vedlegg med dialogmeldingane. Ved behov for generell rettleiing, bruk andre kanalar enn dialogmeldingar.

*Dialogmeldingar er eit av journaldokumenta som er tilgjengeleg for pasienten på Helsenorge.no*

Føretaka i Rogaland, Helse Fonna HF, Helse Stavanger HF, Haugesund Sanitets revmatismesykehus og Jæren DPS er enno ikkje klare for dialogmeldingar. Planen er at det vil skje 10. mai 2017. Det er viktig at legekantora ikkje sender dialogmeldingar dit før det er gitt klarsignal.



Instefjord skriv til PKO:

«Vi er alle enige om at tjenesteavtale 3/5 mellom spesialisthelsetenesten og kommunene skal etterleves. Vi vil heretter tilstrebe at pk.t 9.3. etterleves ved at det gis informasjon minimum hver 3 måned til fastlegene om status for pasienter som er i langvarig behandling.»

Instefjord ønskjer også tilbakemeldingar frå fastlegar som erfarer at dette ikkje blir etterfølgt. Tilbakemeldingar kan gå via PKO på e-post: [pko@helse-bergen.no](mailto:pko@helse-bergen.no)

*Helsing Harald Hauge, PKO.*

## Når pasienten ikkje forstår

### - La behov for tolk komme fram av tilvisinga

Av: Seksjon for presteteneste og etikk, Haukeland universitetssjukehus

Informasjon om språk og tolkebehov må gå fram av tilvisinga, anbefaler Helsedirektoratet (1). Skriv det gjerne i første del av tilvisinga, lett synleg for merkantilt personell og andre som skal sette opp timar.

Helsepersonell er avhengig av tolk for å kunne kommunisere på ein fagleg forsvarleg måte med pasientar og pårørande med utilstrekkelege norskkunnskapar. I følgje rettleiar frå Helsedirektoratet har helsepersonell ansvaret for å sikre god kommunikasjon og bruke kvalifisert tolk i møte med både pasientar og pårørande. Berre på Haukeland universitetssjukehus vart det i 2015 utført totalt 5080 tolkeoppdrag. Av desse var 3537 ved frammøte og 1543 over telefon.



### Manglande bruk av tolketenester

Våren 2016 blei det gjennomført ei kartlegging av bruken av tolketenester på Haukeland universitetssjukehus. Kartlegginga viste at ei av dei største utfordringane var at det ikkje blei gitt informasjon om behov for tolk mellom primær- og spesialisthelsetenesta. Dette samsvarar med ein studie gjennomført i 2012 ved Oslo universitetssjukehus (2) og rapporten «Når er 'litt norsk' for lite?» (3) frå «Nasjonalt kompetansesenter for migrasjons- og minoritetshelse» (NAKMI) i 2013.

Det er sett i gang fleire tiltak på Haukeland universitetssjukehus for å betre bruken av tolketenester. Helsepersonell er kursa i kommunikasjon via tolk, både telefontolk og frammøtetolk. Det er også starta eit arbeid for at opplysningar om behovet for tolk skal følgje pasienten. Det blir sett på løysingar som kan synleggjere dette i pasienten sin journal og ulike tilvisingsskjema. For eksempel har Helse Vest utarbeidd standard sjekklister for radiologiske prosedyrar som er under implementering i helseføretaka: [helse-vest.no/behandlingsstader/avtaler-med-private/radiologiske-prosedyrar](http://helse-vest.no/behandlingsstader/avtaler-med-private/radiologiske-prosedyrar).

### Tips om tolk

Du finn mykje god informasjon i Helsedirektoratet sin «Veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse og omsorgssektoren»(4). Her finn du også informasjon om dine plikter som helsepersonell og pasientens rettigheter.

1. [Nasjonal veileder for henvisninger til spesialisthelsetjenesten.](#)

2. [sykepleien.no/forskning/2016/11/sprakbarrierer-pa-sykehus](http://sykepleien.no/forskning/2016/11/sprakbarrierer-pa-sykehus)

3. [Når litt norsk er for lite. NAKMI](#)

4. [Veileder om kommunikasjon via tolk for ledere og personell i helse og omsorgssektoren](#)



## Utredning ved kognitiv svikt

AV: NKS OLAVIKEN og Geriatrisk avdeling Haraldsplass Diakonale Sykehus

### Har du pasienter med kognitiv svikt der det kan være mistanke om demens?

I Ulriksdal 8 har både geriatrisk poliklinikk ved Haraldsplass Diakonale sykehus og poliklinikken til NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus tilbud om utredning av pasienter med kognitiv svikt der det kan være mistanke om demenssykdommer.

### Tilbudene er noe ulike

- [NKS Olaviken](#) har psykiatere, psykologspesialister, spesialsykepleiere og ergoterapeut.
- [Haraldsplass Diakonale Sykehus](#) sin geriatriske poliklinikk har geriatere, leger i spesialisering, spesialsykepleiere, og ergoterapeuter.

Et flertall av henvisningene omfatter kognitiv svikt, enten primært eller som en del av et sammensatt sykdomsbilde.

### Begge utreder og behandler

- Vanlige demens pasienter
- Yngre pasienter m/kognitiv svikt

### Samarbeidet mellom avdelingene er godt, og søknader overføres internt dersom den andre institusjonen kan ha et bedre tilbud til pasienten.

Begge sykehusavdelingene ligger på samme adresse på Haraldsplass, henholdsvis i 6. og 7.etasje.